



Dagens gode og ikkje lite imponerende nyhende på trim- og sportsfronten i bygda er denne: I kveld starta det ei dansegruppe i turngruppa og den blir leia av dei desidert yngste instruktørane som gruppa rår over;

Både Bente Yri Halvorsen og Ingeborg Ljostveit Sundal er 14 år gamle. Men ingen bør klage over at det er for unge, for dei har gjennomgått solide kurs.

- Eg har lenge masa på Anette Sund om at vi måtte få i gang ei slik gruppe og endeleg gjekk det i orden, sa ei glad Bente til uskedalen.no etter den første timen i Aktivitetshuset. Til den møtte det fram 11 deltakarar mellom 9 og 12 år trass i heller sparsam PR.-innsats og det skorta ikkje på engasjement.
- Neste gong tror vi på enda større oppslutnad, sa Bente. Instruktørane kunne glede seg over at det i alle fall var eit visst innslag av gitar i flokken!

Kva slags dans er det så dei instruerar i?
Svaret var i alle fall i dag ein blanding av jazz og hip hop og den siste låten som dei starta på hadde dei sogar laga sjølv.

Gruppa skal møtast mellom klokka 19 og 20 kvar onsdag utover vinteren.

Over er flokken saman med instruktørane sine og under er to situasjonsbilete frå den første 'skuletimen'.



Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

